




Alver kommune
Havnevegen 41 A
5918 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 38/2 9 - Hodne - frådelling 3 hyttetomter - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 21.04.2020. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av 3 hyttetomter på 1,5 dekar kvar.



Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det formålet området er sett av til i arealdelen av kommuneplanen og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vere kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved



dispensasjonar, men at endringane vert handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot. prp. 32 (2007-08) s. 242.

Det er i kommuneplanen ein skal vurdere kor ein skal opne for nye område med fritidsbustader. Dei omsøkte hyttetomtane ligg i eit LNF-område utan andre bygningar i nærleiken. Fylkesmannen meiner ein dispensasjon vil føre til oppsplitting av eit samanhengande LNF-område og kan gje negative verknader for mellom anna landskap og friluftsliv. Det kan også føre til vidare byggepress i området. Eit hytteområde her må då eventuelt greiast ut og vurderast opp mot andre alternativ i ein kommuneplanprosess.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til frådelling av tre hyttetomtar i denne saka.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent